



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
25.11.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/13344 612
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Tildelingsbrev - Lindås - tilretteleggingsmidlar vidareutdanning barnehage - hausten 2016

Ref.2170ils

Fylkesmannen overfører **187 750,-** til Lindås kommune, organisasjonsnummer 935084733, kontonummer 3201 05 89311. Midlane skal utbetalast til barnehageeigarar for å legge til rette for vidareutdanning av tilsette hausten 2016. Oversikt med namn på barnehage, student og det tildelte beløpet er lagt ved dette brevet.

Vi viser til informasjon om tilretteleggingsmidlar for vidareutdanning av tilsette i barnehagen på Utdanningsdirektoratet sine heimesider.

Kommunen som barnehagemynde sine oppgåver

Fylkesmannen utbetaler første halvdel midlar til kommunane hausten 2016. Andre halvdel blir utbetalt våren 2017. Vi ber kommunen som barnehagemynde om å overføre midlane til barnehagen der studenten er tilsett.

Barnehageeigarane må melde til kommunen i frå dersom deira tilsette ikkje deltek eller har slutta på studiet i haust. Desse skal ikkje ha midlar.

For å få utbetalt midlar våren 2017, må den tilsette studenten framleis delta på studiet og følge studieprogresjonen. Kommunen vil få melding frå Fylkesmannen om å stadfeste dette før utbetaling våren 2017.

Bruk av tilretteleggingsmidlar

Barnehageeigar må avklare med sine tilsette lokalt korleis midlane skal brukast. Eigar skal sørge for at tilretteleggingsmidlane kjem den tilsette til gode slik at denne kan gjennomføre studiet. Det bør leggjast opp til å gje den tilsette permisjon med løn. Midlane kan brukast til vikar når den tilsette deltek på studiesamlingar og for lese- og eksamensdagar. Midlane kan gå til å dekke utgifter til reise, opphald og semesteravgift, og til studiemateriell til det aktuelle studiet.

Midlane skal ikkje utbetalast som stipend, då dette fører til skatteplikt for den tilsette.

Andre vilkår

Barnehageeigar skal melde frå til kommunen som barnehagemynde dersom den tilsette sluttar på studiet. Kommunen skal gi beskjed om dette til Fylkesmannen.

Tilsegn om midlar er gitt med atterhald om Stortinget sine løyvingar i statsbudsjettet.

Fylkesmannen kan kontrollere at midlane er brukt etter føresetnaden, jf §10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane er brukt etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom eigarar ikkje har gitt rette opplysningar, eller har brukt midlane i strid med føresetnaden, kan Fylkesmannen krevje midlane tilbakebetalt.

Vedlegg : Namneliste

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.